


Årsmelding Undheim sokneråd 2022



UNDHEIM SOKNERÅD

Soknerådet hadde 8 møter gjennom året.

12. februar oppheva Regjeringa alle korona-restriksjonane, og samfunnet gjekk tilbake til normalen.

Det var fantastisk! Nå kunne ein igjen samlast og ha aktivitetane som normalt.

Barne- og ungdomsarbeidet fekk ein flott oppsving.

Laust og fast vart starta opp att, nå med nye folk i komitéen. Veldig gledeleg.

Saker soknerådet har arbeidd med var:

- Tilsett ny ungdomsarbeidar
- Sagt opp avtalen med Stavanger bispedømmeråd om at Undheim dekker 50% av prestestillinga ved gjevarteneste. Det var ei vanskeleg sak, og einaste gongen soknerådet hadde skriftleg avstemming.
- Weekend på Vaulali
- G2-Glød 2 kveldar i haust-semesteret.
- Fordelt ofringar

- Rekneskap og økonomi.

- Me støttar fortsatt familien English i Tsjekkia og deira arbeid retta mot ungdomar i Øst-Europa.

Sokneprest May Brit Arnø var sjukmeld heile 2022.

Roald Byberg stod som 50% fast vikar heile året. Det er me svært takknemlege for.

Undheimkyrkja er heldige.

Det store fellesskapet, Den norske kyrkja, gjer at me har ein god stab som leier sine områder, trusopplæring, det administrative, diakoni, og ikkje minst Kari Reiten og hennar innsats som både tilsett og frivillig i det musikalske arbeidet.

Og så har me mange trufaste og dyktige frivillige som bidreg stort til at barn og unge på Undheim får høyra om Jesus og læra han å kjenna. Kvar på sin plass. Med ord, i handling og i bøn. Takk til alle som på sin måte er med på oppdraget! Takk!

Fil 3:13

«*Eg gløymer det som ligg bak, og strekkjer meg mot det som er framfor»*

La oss fortsatt gå i lag framover – søkja Gud – møta nye vener og ta del i oppdraget.

*For Undheim sokneråd
Hanne Brit Sandsmark
leiar*

GUDSTENESTEUTVALET

Gudstenesteutvalet består av fem medlemmar, prest, musikalsk leiar og tre styremedlemmar. Prest kallar inn til møte og musikalsk leiar er fast referent.

I 2022 hadde me 5 møte. Me ser på Gudstenestene framover og evaluerer dei som har vore. Gudstenesteutvalet er eit gildt utval å vera med i med positive medlemmar som backar kvarandre opp.

Siste året var det to samlingar, som tok litt større plass enn andre. Det var tur/søndagskuletur til Brekke og «Vi syng Jula inn». Den siste vart eit vellykka samling. Me brukte mye av det me hadde førebudd til 2021. Den vart avlyst. No fekk me brukt det.

Gudstenesta i Brekke var saman med Bryne kyrkjelyd. Det som var litt spesielt at det var tre dåp og dåpsfølgje fylte heile kyrkjerommet og mange vart sitjande utanfor. Me stilte med organist og prest. Bryne med grillmat til alle.

For presten er det godt med dette utvalet for å vera i nærbane med brukarane. Slik kan han stille spørsmål og få svar om salmeval og andre innslag. Utvalet er så glade for at søndagsskulen går så godt. Me har også vore opptekne av å få søndagsskulen meir involvert i gudstenesta. Me vart samde om å prøva i 2023.

*Roald Byberg
vikarierande sokneprest*

SUPERMIX

Supermix er et kor og hobby-klubb for barn fra 4 år og oppover.

Supermix har samling annenhver tirsdag fra kl 17.00 til kl 18.00. Det har vært ca 15 samlinger i 2022. Samlingene er i Undheim Kirke.

Supermix har også i år hatt flere opptredener. De har deltatt på flere familiegudstjenester, 17.mai og tenning av julegran før jul. Endelig kunne Supermix igjen arrangere den årlige

Bollekonserten i mai, etter to år med avlysning pga korona.

Ca 40 barn har vært innom, og det har vært 36 betalende medlemmer.

Supermix starter oppe i kirken med korøvelse. Det er også en kort andakt oppe. Deretter går alle ned i kjelleren hvor det er gjort klar for hobbyaktiviteter. En gruppe med voksne har ansvar for kordelen. En annen voksengruppe har ansvar for å planlegge, kjøpe inn og hjelpe til med hobbyaktivitetene.

Anne Gunn Reiten Mellemstrand

UKUF

Antal samlingar og kor mange som vanlegvis møter

Totalt 18 UKUF-samlinger med et gjennomsnittlig oppmøte på ca. 35 ungdommer. Utenom har det våre 16 «Etter skoletid»-samlinger for 7.klassingene på våren og 7 «ungdomssamlinger» for 8.klasse og oppover på høsten.

Kven som har vore med og hatt ansvar, evt kven som sit i styret viss de har eit styre
På våren var det et styre med Eline Gregersen, Kornelia Gauksås og Beate Rasmussen som fordelte ansvaret. UKUF ble også besøkt av og følgje opp av ungdomsleder Asle Steinbru. På høsten har Mona Handeland og Kornelia Gauksås hatt meste av ansvaret. De har også fått god hjelp fra Helge Gullestad Fosse, Silje Bore Sonflå, Simon Handeland og andre frivillige som har variert fra hver gang.

Viktige hendingar og saker i 2022

- Eline Gregersen sluttet som ungdomsarbeider i juni, og Mona Handeland tok over i august.

Gleder og utfordringar med arbeidet (Mona, høsten 2022)

Gleder:

- Bli kjent med ungdommene

- Gi ungdommer mer ansvar for kiosk, mat og aktiviteter
- Ungdomssamlinger med åndelig påfyll. Noen av ungdommene tørr å stille spørsmål om det de lurer på.
- Fikk vite at ekteparet Karen og Jon-Kaspar Bjørge vil være med som faste voksenansvarlige på UKUF-samlingene i 2023

Utfordringer:

- Få ungdommene til å ha lyst til å være med på møtedelen av UKUF
- Hvordan en skal reagere på negativ oppførsel både inne i og utenfor kirken
- Av og til en følelse av å stå alene med arbeidet

Mål framover

- Få ungdommene til å føle seg som en viktig del av UKUF og det de gjør har betydning. Gi de enda mer ansvar.
- Etablere et styret med ungdommer og finne på egne aktiviteter med dem.
- Starte et lovsangsband.
- Viktig å ha det kjekt, men ønsker enda mer fokus på tiltak som kan hjelpe ungdommene å lære mer om Jesus og vokse åndelig.

*Mona Handeland
leiar UKUF*

UNDHEIM SUNDAGSSKULE

2022 var året me endelig kunne riste av oss siste rest av COVID. Frå midten av februar var det slutt på både meteren, kohorter og utvida registrering av frammøtte.

Me hadde sundagsskulen 11 gonger dette året, 7 gonger om våren og 4 gonger på haustesemesteret. Det har vore eit snitt på 17 deltagarar per samling, noko som me set veldig pris på! Me har hatt cirka 40 forskjellige registrerte barn som har vore innom 1 gong eller meir, og i 2022 er det 29 betalande medlemmer.

Nytt av året er at foreldrene sjølv registererer ungane sjølv i sundagsskulen sentralt der dei også betaler medlemsavgifta. Dette for å minska det administrative arbeidet for oss voksneleiarar, slik me kan bruka meir tid på det som står i sundagskulen sin logo: Jesus til barna!

Alle aldersgruppene på sundagsskulen er ilag, noko som fungerer veldig bra. Det er ein fin dynamikk mellom dei små og store og trivselen har vore god.

Me takka av Mikal Marinus Aardal og Pauline Tveiten som har vore gode slusharar nokre år, og ynskte velkommen Rudi Aardal og Sarah Mæle-Kommedal som nye slusharar. (slushar er unge medleiarar)

Sundagsskulen startar klokka 11.00 og varer til 11.45. Nokre kjem ned frå gudstenesta, medan dei fleste møter direkte i døra.

Her er litt av det me gjer: Registrering, tenner lys og ber, synger ilag, gjer gave til Stefanusbarna i Egypt, åpner skattekiste, hører bibelhistorie og lager noko eller eventuelt leiker.

Leiarar i 2022 har vore: Jakob Aardal, Tage EmilGood, Hanna Tveiten, Linn Cecilie Høiland, Linda Maria Undheim, Kjellaug Wold og Gunn Siri Risa. (Pia Norunn Risa er kasserar)

Slusharar: Mikal Marinus Aardal (vår 2022), Pauline Tveiten (vår 2022), Rudi Aardal (haust 2022) og Sarah Mæle-Kommedal (haust 2022)

*Jakob Aardal
leiar sundagsskulen*

OPEN KJELLAR

Me starte opp igjen 2.februar med filmkveld. Dette var ein suksess med mange glade born/ungdommar. I april hadde me lyn-Ludo turnering. 20.mai var siste gong før sommaren, då var også 4.klasse invitert, samtidig som me hadde ei lita avslutning for 7.klasse. Etter sommaren

starta me opp igjen 2.september. Siste gong før jul var 9.desember, då serverte me grøt og saft.

Me hadde totalt 11 samlingar med gjennomsnittlig 35 ungar på kvar samling, som har kost seg med biljard, bordtennis, brettspill, airhockey og litt snop frå kiosken.

Leiarar var: Oddvar Undheim, Grete Aardal og Janne Vigdel Berge

Janne Vigdel Berge

UGLA GUTTELAG

- Samlingsstad og tid: Undheim skule annankvar tysdag frå kl 19.00-20.00.
- Målgruppe: 4.-7. klasse gutter
- Oppslutning: 15-23 gutter har møtt på samlingane.
- Medlemskontigent: 50 kr
- Leiar og vaksne som har vore med: Torbjørn Garborg, Amund Undheim, Vidar Undheim, Gisle Oddane og Nils Arne Fosse. Norodd Sikveland og Ola Mellemstrand var med fram til sommaren. Nye i haust: Trond Stiansen og Asle Risa.

Det har vore 13 samlingar i 2022. Kveldane starta med andakt, og vart som regel avslutta med ein ja/nei quiz.

Aktivitetar: Trearbeit, innebandy, kosekveldar med servering av pølser eller pizza + leikar og konkurransar, besøk frå NMSU, basar og turar.

Dei 2 første samlingane i 2022 vart avlyste på grunn av covidpandemien, men etterpå har det vore normal aktivitet. Variert program er med på å skapa trivsel for unge og vaksne. Spesielt gildt er det når UGLA reiser på tur, enten til «Lendestova» hjå Amund, eller ut i naturen.

I mange år har det vore tradisjon om hausten, å reisa til Mellemstrand for å trekka garn på garden til Ola. Etterpå vert det grilling av fisk og pølser. Dette gjorde me i år og. På grunn av sviktande helse, kunne

ikkje Ola vera med oss denne gongen. Likevel fekk me gode råd og informasjon av han før turen, slik at det vart ein flott kveld. Og han ga sterkt uttrykk for at han gjerne ville vore med oss.

Ola Mellemstrand var med på å starta Gutelaget UGLA i 1976. Etter dette var han trufast med på å leia laget så lenge han levde. Ola døyde 20. september 2022, akkurat 2 veker etter at UGLA var på Mellemstrand. Ola såg og møtte guttane på ein fin måte, og alle lytta interessert, då han fortalte. Det er trist at Ola ikkje lenger er med oss, og me saknar han mykje. Likevel vil hans vitnesbyrd om den kristne trua, og livet han levde, vera til stor inspirasjon for oss alle i lang tid framover.

Det er godt å vita at Gud er med oss, både i sorg og gleda. Derfor kan me sjå lyst på framtida til UGLA.

Torbjørn Garborg

TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM

Dåpen forpliktar oss til opplæring.
Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå.
I det store perspektivet er alt barne- og ungdomsarbeidet vårt trusopplæring, men det er likevel skilnad på fasetiltak og kontinuerleg arbeid. Fasetiltaka skjer over

kortare tidsrom, og absolutt alle døypte i aktuell alder skal få eigen invitasjon. Fasetiltaka er del av den omfattande trusopplæringsplanen (systematisk og samanhengende), og tiltaka blir rapporterte fortløpende. Sjå tabellen nedanfor. Det er til fasetiltaka dei overførte midlane skal nyttast.

Oversikt over fasetiltaka:	Tiltak	Oppslutning 2022 (2021) i parentes)	Anna
Alder			
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: 72 (63) Time: 34 (38) Undheim: 13 (17)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong/småsong	Bryne: 20 av 150 = 13% (23%) Time: 21 av 72 = 29% (20%) Undheim: 6 av 31 = 19% (38%)	Samling annankvar veke
1-3 år Ny	Småbarnstrall	Bryne: 20 av 221 = 9% Time: 10 av 106 = 9% Undheim: 0 av 37 = 0%	6 samlingar, felles for sokna
2 år	Undretur	Bryne: 11 av 67 = 16% (12%) Time: 6 av 31 = 19% (19%) Undheim: 6 av 9 = 67% (57%)	1 samling
3 år	Krøllekveld	Bryne: 11 av 76 = 14% (16%) Time: 9 av 37 = 24% (9%) Undheim: 7 av 10= 70% (77%)	1 samling
4 år	Fireårsklubb og Barnebibel	Bryne: 38 av 69 = 55% (28%) Time: 8 av 35 = 23% (57%) Undheim: 13 av 13 = 100% (82%)	3 samlingar + gudsteneste
5 år	Kor-Kickoff	Bryne: 19 av 83 = 23% (11%) Time: 6 av 38 = 16% (17%) Undheim: 2 av 11 = 18% (45%)	Felles for sokna: 1 samling
7 år, 1. kl	Dåpsskule for 1. klassingar	Bryne: 12 av 75 = 16% (17%) Time: 11 av 37 = 30% (37%) Undheim: 13 av 18 = 72% (83%)	B: 2 sml + dåpsskulehelg T og U: 3 saml. + dåpsskulehelg
7 år, 2. kl	Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar	Bryne: 1 av 78 = 1% (7%) Time: 5 av 37 = 14% (18%) Undheim: 15 av 18 = 83% (39%)	Felles for sokna. 1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
8 år, 2. kl	Pinsefart for 2. klassingar	Bryne: 15 av 108 = 14% (24%) Time: 10 av 37 = 27% (30%) Undheim: 12 av 18 = 67% (75%)	3 saml. ettermiddagstid
9 år, 3. kl	Tårnagenthelg for 3. klassingar	Bryne: 15 av 90 = 17% (avlyst) Time: 6 av 44 = 14% (avlyst) Undheim: Annankvart år (avlyst)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag.
10 år, 4. kl	På sporet av Jesus	Bryne: 9 av 91 = 10% (6%) Time: 2 av 33 = 6% (13%) Undheim: 7 av 16 = 44% (56%)	U: 3. og 4. trinn saman 1 samling lørdag
10 år, 5. kl	Lys vaken	Bryne: 29 av 91 = 32% (23%) Time: 8 av 33 = 24% (59%)	Felles for sokna: Lørdag + gudsteneste

Oversikt over Tiltak
fasetiltaka:
Alder

Oppslutning 2022 (2021) i parentes)

Anna

Undheim: 8 av 16 = **50%** (50%)

Starten av året vart litt prega av korona, men på langt nær slik som dei to åra før. Trusopplæringa hadde nesten heilt normal gjennomføring. Som alltid er det justeringar og/eller endringar. Småbarnstrall for barn 1-3 år er nytt av året. Det same er Kor-Kickoff, som eigentleg er endring av Oppstartssamlingane for barnekora om hausten. Det vart ikkje arrangert 12 H Festival i koronatida, og festivalen er nå lagt ned for godt.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet frå dei siste åra fortsette dette året. Dei tre ungdomsarbeidarane slutta omrent samtidig, og det skapte ein viss frustrasjon for det vidare arbeidet. Både permanente og midlertidige løysingar fungerte greitt ut året.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Organisering:

I 2022 har det vore stor optimisme, tiltakslyst og innsatsvilje. Trusopplæringa begynte å

omorganisera ein del i 2021, og dette arbeidet fortsette i 2022. Det er nå større samarbeid på tvers av sokna, noko som betyr at trusopplærarar frå fleire sokn har arrangement i lag i fleire sokn.

Trusopplæringsstillingar:

Trusopplæringa har til saman 1,6 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka trusopplæringa med innsamla midlar, og difor er stillingane innan trusopplæringa større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i trusopplæringa: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen, Per Olav Egeland og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra. Ei lita utfordring og oppmuntring går til leirarar i det kontinuerlege arbeidet om å vera med som medarbeidarar i fasetiltak for å laga linkar til deira eige arbeid.

Guds signing.

13.02.2022

Ingfrid Time Nærland

LAUST OG FAST

Laust og fast har møte den tredje onsdagen kvar månad.

I 2022 var det berre 5 samlingar. Fleire av leiarane som hadde stått i arbeidet sluttar av i før årsskiftet. Fleire av dei hadde vore med sidan oppstarten.

20. april var ordførar Andreas Vollsund med. 18. mai var Andreas Haarr, tidlegare prest i Klepp med.

21. september fortalde Vidar Undheim og Pål Undheim og viste bilete og film om Torvdagen på Myrebø.

19. oktober viste Øyvind Nordsletten bilete frå reiser og snakka om situasjonen i Russland og Ukraina.

16. november fortalde Tordis og Steinar Sandvik om arbeidet ved sjømannskyrkja i Alanya, Tyrkia.

Omlag 260 var med på desse samlingane.

Programmet på samlingane er nokså fast med Ord for dagen, føredrag og song. Det er alltid utloddning og matpause med god tid til drøs. Fleire frivillige kjem med mat til samlingane.

Ansvaret for Laust og fast er: Else og Vidar Undheim, Tordis og Steinar Sandvik, Anne Lise Undheim og Odd Ove Tunheim. Reidunn Haavardsholm er fast pianist.

ØKONOMIEN TIL UNDHEIM SOKNERÅD

Det er stillingar som er den høgaste kostnaden til soknerådet. Soknepresten vår, som me lønar i 50%, var sjukmeld store delar av 2021, og i 2022 hadde me ingen lønsutgifter til soknepreststillinga. Om hausten var det vakanse i ungdomsleiarstillinga som soknerådet dekker 15% av. Dermed gjekk soknerådet med eit betydeleg overskot i 2022. Rekneskapen er ikkje ferdig revidert, så tala er ikkje heilt sikre ennå, men overskotet er rundt 200 000 kroner.

Takk til alle som er faste gjevarar! De ga til saman 382 800 kroner i 2022!

Det blei òg gitt betydeleg meir i ofring til andre organisasjonar i 2022. Det var ei auke på om lag 43% frå året før. Undheim kyrkjelyd skal vera stolt av gjevargleda!

Ved utgangen av 2023 var det til saman over 920 000 kr på soknerådet sine kontoar.

*Frode Skårlund
Dagleg leiar*